
Saksnr: 2020/46484-52
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

Godkjenning av årsrekneskap 2020

Forslag til innstilling

- Årsrekneskapen for Vestland fylkeskommune 2020 vert godkjend.
- Fylkestinget godkjenner følgjande disponering av mindreutgift 2020 på 215,8 mill. kr:

Koronatiltak

| | |
|--|------------|
| Strakstiltak opplæring | 32 900 000 |
| Fleksible kontorløysingar/heimekontor | 15 000 000 |
| Tiltak - kultur, idrett og inkludering | 10 000 000 |
| Tiltak - innovasjon og næring | 10 000 000 |

Andre tiltak

| | |
|---|------------|
| Avdrag | 25 000 000 |
| Vitensentra | 11 050 000 |
| Havbyen Bergen | 350 000 |
| Vestland i historia og skulen - forprosjekt | 300 000 |
| Tannhelsetenesta - tiltak kompetanseutvikling | 2 000 000 |
| Kollektivterminal - Odda | 7 500 000 |
| Stillingar for trainees | 1 500 000 |
| Breibandsutbygging | 10 000 000 |
| Søknader - kultur idrett og inkludering | 10 000 000 |
| Søknader - innovasjon og næring | 10 000 000 |

- Fylkestinget godkjenner at det vert oppretta eit «koronafond» på 52,1 mill. kr. Summen skal disponerast til koronarelaterte tiltak.

Samandrag

Årsrekneskapen 2020 vert lagt fram for godkjenning.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskap og årsmelding 2020 - Vestland fylkeskommune
- 2 Revisjonsmelding 2020 frå Deloitte AS - Vestland fylkeskommune
- 3 Revisjonsrapport 2020 - rapp. nr. 2 frå Deloitte AS - Vestland fylkeskommune
- 4 Rekneskap 2020 Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Vedtakskompetanse

Fylkestinget skal sjølv vedta årsrekneskap og årsberetning, jfr. Kommunalova § 14-2

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Rekneskapen for 2020 er avslutta, men gjennom disponering av midlane som er avsett til disposisjonsfond kan ein i nokon grad påverke utviklinga i lånegjeld og disposisjonsfond. Vidare kan ein tilgodesjå tiltak som er positive for klima, folkehelse eller som støttar opp under utviklingsplanen.

Klima:

Lite relevant

Folkehelse:

Lite relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Lite relevant

Rekneskapsresultat

Rekneskapen viser at 2020 vart eit godt år økonomisk for Vestland fylkeskommune. Netto driftsresultat vart 1 081,2 mill. kr, som er 7,4 % av driftsinntektene. Ved rekneskapsavslutninga kunne det avsetjast 215,8 mill. kr til disposisjonsfond.

Tidlegare år ville denne summen kome fram som eit overskot som fylkestinget vedtok disponeringa av. I den nye kommunelova med verknad frå 2020 er dette endra slik at rekneskapen skal gjerast opp i balanse der mindreutgifter vert sette av på disposisjonsfond og meirutgifter må dekkast inn i rekneskapsavslutninga.

Den fyrste rekneskapen for Vestland fylkeskommune vart i samsvar med den nye kommunelova gjort opp med eit årsresultat i balanse, der ein ved rekneskapsavslutninga sette av mindreutgifta i 2020 på 215,8 mill. kr på disposisjonsfond. Slik sett er det ikkje trong for at fylkestinget disponerer summen i denne saka.

Fylkestinget har likevel i tidlegare saker lagt føringar på bruken av ein del av mindreutgifta frå 2020 og dette har fylkesrådmannen teke omsyn til i forslag til innstilling og omtalt nærare under punktet disponering nedanfor.

Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Nedanfor er eit oversyn over korleis avsetjing og bruk av disposisjonsfond fordeler seg på avdelingane.

| | Avsetjing | Bruk | kr 1 000 Netto |
|---------------------------------|----------------|-----------------|-------------------|
| Stabsavdelingar | 205 | -606 | -401 |
| Innovasjon og næring | | -10 387 | -10 387 |
| Opplæring og kompetanse | 101 182 | -111 821 | -10 640 |
| Kultur, idrett og inkludering | 1 434 | -39 856 | -38 421 |
| Fellesfond (i drift) | 88 977 | | 88 977 |
| Fellesfond - rekneskapsavslutn. | 215 768 | | 215 768 |
| Total | 407 566 | -162 670 | 244 895 |

Alle avdelingane har hatt netto bruk av disposisjonsfond. Fellesfond omfattar overskotet frå 2020 og noko av overskotet frå 2019.

Investeringsrekneskapen

Investeringar i eigedomar, anlegg og utstyr utgjorde 4 872,6 mill. kr. Budsjettet var på 5 721,1 mill. kr. Framdrifta på ein del av prosjekta ligg altså noko etter det som var lagt til grunn i budsjettet.

Revisjonsmeldinga

I revisjonsmeldinga, datert 15.04.2021 konkluderer revisor slik om årsrekneskapen:
«Etter vår meining er fylkeskommunen sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Handsaming i kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama rekneskapen i møte den 10. mai. Uttale frå kontrollutvalet ligg ved saka. Frå uttalen siterer fylkesrådmannen følgjande:

«Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2020 blir godkjent slik det ligg føre.»

Disponering

Det er, som nemnt, ikkje lenger krav om at fylkestinget gjer vedtak om bruken av desse midlane samstundes med at ein godkjenner rekneskapen, men fylkestinget har i tidlegare vedtak lagt nokre føringar for bruken av midlane.

Ein stor del av mindreforbruket i 2020 er effektar av koronapandemien. Fylkesrådmannen legg til grunn at vel halvparten av mindreforbruket på knapt 216 mill. kr - om lag 120 mill. kr - skuldast dette.

Etter kvart som vaksininga vert gjennomført, kan ein vona at dei verste utslaga av pandemien er overstått, men fylkesrådmannen reknar med at ein også i tida framover, kanskje fleire år, vil ha etterverknader. Ut frå dette foreslår fylkesrådmannen at det vert sett av eit særskilt «koronafond» som kan nyttast til å møte evt. inntektsbortfall eller kostnadsauke i kjølvatnet av koronapandemien.

Fylkesrådmannen vil difor vidare i saka skilje mellom det som er koronarelatert og andre postar.

Koronarelaterte kostnader

Sak 3/21 Strakstiltak innan opplæringssektoren

Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget viser til rekneskapen for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr. Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk:
Tiltak for inntil 12,9 mill. kr for å redusere talet på elevar med «Ikkje vurdert» eller stryk. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale tilhøve. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Dialog med Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval. Samt elev og studentorganisasjonane i Vestland.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.»

Fylkesrådmannen foreslår å setje av 32,9 mill. kr til strakstiltaka i samsvar med fylkestingsvedtaket.

Andre tiltak

Fylkesrådmannen er i gang med vurdering av aktuelle tiltak for det som vert rekna som «den nye normalen», basert på erfaringane i koronaperioden. Dette gjeld t.d. tilrettelegging for meir fleksible kontorløysingar, bruk av heimekontor m.v. (skjermar, tastatur og ergonomisk arbeidsutstyr).

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av 15 mill. kr til slikt utstyr for pedagogisk og administrativt tilsette.

Pandemien har ramma ulikt for ulike deler av næringslivet. Reiseliv og kulturnæringa er særleg ramma. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at ein del av «koronamidlane» vert nytta i desse sektorane ut frå fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle og foreslår at det vert sett av midlar slik:

- 10 mill. kr til koronarelaterte tiltak innan kultur, idrett og inkludering
- 10 mill. kr til koronarelaterte tiltak innan innovasjon og næring

Fylkesrådmannen foreslår dei to hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane.

«Koronafond»

Fylkesrådmannen har som nemnt lagt til grunn at om lag 120 mill. kr av mindreforbruket i 2020 skuldast pandemien. Ovanfor er det forslag om å disponere 67,9 mill. kr til ulike tiltak. Restsummen på 52,1 mill. kr foreslår fylkesrådmannen vert sett av på eit eige disposisjonsfond, «koronafond» der summen skal nyttast til å møte evt. inntektsbortfall og kostnadsauke i kjølvatnet av koronapandemien.

Oppsummering koronarelaterte tiltak

32,9 mill. kr strakstiltak innan opplæring
 15 mill. kr til fleksible kontorløysingar/heimekontor
 10 mill. kr til koronarelaterte tiltak innan kultur, idrett og inkludering
 10 mill. kr til koronarelaterte tiltak innan innovasjon og næring
Sum: 67,9 mill. kr

| | |
|-------------------------------------|----------------------|
| Del av mindreforbruket p.g.a korona | 120 mill. kr |
| Forslag til disponering ovanfor | -67,9 mill. kr |
| Resterande til «koronafond» | <u>52,1 mill. kr</u> |

Andre kostnader

Under avsnittet Koronarelaterte kostnader ovanfor er det forslag om disponering av 120 mill. kr av mindreforbruket. Restsummen, som alt er avsett på disposisjonsfond, er dermed 95,8 mill. kr.

Fylkestinget har også her lagt føringar for bruken av midlane. Dette gjeld:

Sak 137/20 Budsjett 2021

I budsjettvedtaket for 2021 vart avdrag sett ned med 25 mill. kr. Det vart sagt at: «Dersom VLFK endar opp med mindreforbruk i 2020, vert del av dette sett av til avdrag på gjeld.

Fylkesrådmannen legg til grunn at 25 mill. kr av overskotet vert nytta til auka avdrag i 2021.

Sak 20/21 Søknad om tilskot til vitensenter

Fylkesrådmannen siterer dei to siste punkta i vedtaket:

«3. Fylkestinget syner til søknad frå ViteMeir, med tilleggsinformasjon av 1. mars der det framgår at ein har eit resterande finansieringsbehov på 13,2 mill av investeringa på 21,16 mill. Vite meir søker om 5,05 mill, noko som vil tilsvare eit samla støttebeløp lik eigardelen vår i senteret. ViIVite søker om 6 mill som tilsvare eit støttebeløp tilsvarande eigardelen vår i ViIVite. Vestland fylkeskommune gjev på denne bakgrunn eit investeringstilskot på kr 5,05 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret ViIVite.

Investeringstilskota, totalt kr 11,05 mill, vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til endeleg finansiering av tiltaka i denne saka.»

Fylkesrådmannen foreslår å setje av 11,05 mill. kr i tilskot til dei to vitensentra i samsvar med fylkestingsvedtaket.

Verbalpunkt budsjett 2021

I budsjettet for 2021 var det knytt nokre verbalpunkt til vedtaket der finansieringa ikkje gjekk klart fram. Fylkesrådmannen viser til desse og foreslår følgjande løyvingar:

- 7,5 mill. kr kollektivterminal Odda, jfr verbalpunkt i budsjetthandsaminga 2021:
 - Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om utbygging av kollektivterminal og turistsenter i Omn 3 i Odda
- 1,5 mill. kr trainees, jfr verbalpunkt i budsjetthandsaminga 2021:
 - Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar
- 10 mill. kr til breibandsutbygging, jfr verbalpunkt i budsjetthandsaminga 2021:
 - Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.

Saker i andre politiske utval

Det er også nokre saker i andre politiske organ enn fylkestinget som fylkesrådmannen finn det naturleg å ta med i denne saka. Dette gjeld:

Havbyen Bergen

Til fylkestinget i juni vert det lagt fram sak om prosjektet «Havbyen Bergen». Det er framlegg om å løyve kr 350 000, finansiert med overskot frå 2020.

Vestland i historia og skulen - forprosjekt

I sak 36/2021 gjorde fylkesutvalet slikt vedtak:

- «1. Fylkesutvalet sluttar seg til oppstart og deltaking i forprosjektet Vestland i historia og skulen.
2. Økonomisk ramme og finansieringa vert å innarbeide i samband med tertialrapporten.

3. Fylkesutvalet føreset å få forprosjektet til handsaming, der mål, innhald, aktørar, organisering og budsjett for eit eventuelt hovudprosjekt vert gjort greie for.
4. Eventuelt vidare finansieringsbehov i eit mogleg hovudprosjekt vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.»

Fylkesrådmannen foreslår å setje av kr 300 000 av overskot til forprosjektet i 2021.

Kompetanseutvikling tannhelse

Tannhelsesektoren har som nemnt også hatt stor påverknad av pandemien. Dei tilsette har også her måtte omstille seg, men på ulik måte i høve til andre i og med at heimekontor m.v. ikkje er aktuelt for denne gruppa.

Gjennom tannhelseslova pliktar fylkeskommunen å syte for nødvendig kompetanseutvikling for tannhelsepersonellet. På grunn av stramme økonomiske rammer har tannhelsetenesta sett det nødvendig å avgrense slike tiltak dei siste åra. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert sett av 2 mill. kr på eit eige fond som vert disponert av fylkestannlegen, øyremerka for kompetanseutvikling innan sektoren.

Søknader

Fylkeskommunen har fått inn ei rekkje søknader om tilskot; innan kultur- og næringsfeltet. Dette gjeld søknader utanom dei faste søknadsordningane. Ut frå det store søknadsomfanget, og at fagutvala har best innsikt i kva søknader som bør prioriterast, foreslår fylkesrådmannen at det vert sett av midlar som hovudutvala kan prioritere innanfor. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 10 mill. kr til kvart av hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for næring.

Sum disponering andre kostnader

Ovanfor er det forslag om disponering av 77,7 mill. kr av den nemnde summen på 95,8 mill. kr - ut frå dette vil det dermed stå att 18,1 mill. kr på disposisjonsfondet etter at midlane til det særskilde «koronafondet» er trekt ut.

Oppsummering andre kostnader

| |
|---|
| 25,00 mill. kr auka avdrag 2021 |
| 11,05 mill. kr vitensentra |
| 0,35 mill. kr Havbyen Bergen |
| 0,30 mill. kr Vestland i historia |
| 2,00 mill. kr kompetanseutviklingstiltak tannhelse |
| 7,50 mill. kr kollektivterminal Odda (jfr verbalpunkt budsjett 21) |
| 1,50 mill. kr trainees (jfr verbalpunkt budsjett 21) |
| 10,00 mill. kr til breibandsutbygging (jfr verbalpunkt budsjett 21) |
| 10,00 mill. kr til søknader innan kultur, idrett og inkludering |
| <u>10,00 mill. kr til div søknader innan innovasjon og næring</u> |
| Sum 77,70 mill. kr |

| | |
|--------------------------------------|------------------------|
| Del av mindreforbruket utanom korona | 95,8 mill. kr |
| Forslag til disponering ovanfor | - <u>77,7 mill. kr</u> |
| Resterande på disposisjonsfond | <u>18,1 mill. kr</u> |

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å godkjenne årsrekneskapen for 2020.